



Arkivsaknr: 2024/10697-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Alver media - Søknad til tilskot om nyinvestering og utviding av drift

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Søknad til tilskot om nyinvestering og utviding av drift vert tildelt kroner 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

Alver Media AS er eit aksjeselskap. Bransje: 59.110 Produksjon av film, video og fjernsynsprogrammer. Registrert 25.11.2019. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Alver Media vart etablert tilbake i 2019 og består av fem unge menn som etter mange år med film og foto som hobby gjekk saman og skapte verksemda Alver Media. Verksemda brenn for media og ønskjer å vere eit nytenkande og kreativt mediaselskap som lagar kvalitet for kundane sine. Verksemda som held til på Dampen i Knarvik leverer mediatenester innan foto, drone og videoproduksjon.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 14. oktober 2024 og er forventa gjennomført 14. oktober 2026.

Etter mange års erfaring med drone og fleire forespørslar som inneheld drone og termisk kamera, ønskjer verksemda å utvide mediabedrifta til å ha droneverksemd i tilbodet av tenester. Verksemda vil no investere i slikt utstyr og tenker at dette vil vere eit godt tilskot til dei tenestene verksemda allereie tilbyr.

Prosjektleveranse / målsetting

Ved å investere i nytt droneutstyr kan verksemda levere fleire og nye tenester som det er auka etterspurnad etter i dag. Termisk kamera på drone kan hjelpa på ulike områder i samfunnet. Eksempel på tenester verksemda kan tilby med det nye utstyret er til dømes søk etter sakna personar og hjelp til bønder som leitar etter sauer. Tilbodet kan nyttast inn mot byggjebransjen m.m.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad til tilskot om nyinvestering og utviding av drift	170 000	85 000	20 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

Vurdering

Søknaden viser til at Alver media ønskjer å gjennomføre eit utviklingsprosjekt for å utvide og skape ny utvikling og vekst i verksemda. Søknaden gjeld i hovudsak støtte til investering i nytt spesialisert droneutstyr som gjer det mogeleg for verksemda å tilby nye tenester og tilbod, samt støtte til kurs og kompetanseheving for å kunne bruke termisk kamera.

Alver kommune ser positivt på utviklingsprosjektet Alver media viser til for å utvikle nye tilbod som marknaden etterspør i dag ved å ta i bruk nye teknologiske løysingar, og samstundes styrke dei tenestene verksemda allereie leverer for å styrke verksemda.

Etter ei samla vurdering er prosjektsøknaden i samsvar med næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til entreprenørskap, kompetanseutvikling og vekst i eksisterande verksemdar. Eit slikt utviklingsprosjekt kan vidare vekst og arbeidsplassutvikling i verksemda og vil dermed stimulere til ei berekraftig næringsutvikling.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Søknad til tilskot om nyinvestering og utviding av drift vert tildelt kroner 20 000 frå næringsfondet / vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Søknad om kommunal næringsfond 2024-0037